

Fjord kommune

Vatn- og avløpsgebyr 2020

Vedteke av Fjord kommunestyre 19.12.2019 med heimel i lokal forskrift om vatn- og avløpsgebyr vedteke 19.12.2019. Kommunestyret vedtek årleg nytt gebyrregulativ i samband med budsjettbehandlinga.

Tilknytingsgebyr er eit eingongsgebyr som skal betalast for tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg. Gebyret skal betalast ved tilknytning av:

- a) Ny tilknytning av eigedom.
- b) Tilknytning av eksisterande eigedom, eller eigedom som kommunen krev tilknytt.
- c) Eksisterande eigedom med tilknytning som ikkje er godkjent.

Om kommunen overtek private vatn- og/eller avløpsanlegg kan kommunestyret i kvart enkelt tilfelle avgjere om det skal reknast eingongsgebyr for tilknytning, og eventuell rabatt.

For bustadar skal eingongsgebyret for tilknytning utgjere eit fast beløp per bueining.

For næringseigedom skal eingongsgebyret for tilknytning utgjere eit fast beløp per brukseining som er tilknytt.

For kombinasjonseigedom skal det betalast gebyr for kvar del etter reglane over.

Tilknytingsgebyret skal være betalt før tilknytning.

Årsgebyr for vassforsyning og avløpshandtering er todelt:

Abonnementsgebyr:

Eit fast årleg gebyr for kommunens vass- og avløpstenester. Inntektene frå gebyret skal fortrinnsvis dekkje tenestenes kapitalkostnader.

Forbruksgebyr:

Blir fastsett anten etter faktisk vassforbruk eller stipulert etter størrelsen på bustaden. Stipulert forbruk reknast ut ifrå bruksareal multiplisert med ein faktor på 1,4 m³/m². For fritidsbustad skal faktoren for vassforbruk være halvparten av faktoren for bustadeigedom. Bruksareal reknast etter NS-3940. Vatn- og avløpsgebyra reknast etter prinsippet vassmengd inn er lik vassmengd ut.

Differensiert abonnementsgebyr:

Abonnementsgebyret er differensiert ut frå brukskategoriar:

- a) Bustadeigedom: per bueining.
 - b) Fritidsbustadar: per bueining.
 - c) Nærings-, kombinasjons- og landbrukseigedom: avhengig av vassforsyningskapasiteten til den enkelte eigedom, sjå tabell under.
-

Vassmålaravlesing:

Abonentar som har vassmålar betalar ein årleg leige for vassmålaren.

Alle vassmålarar skal lesast av ein gong kvart år innan **31. desember**. Målarstand skal rapporterast på vassmålarkort og blir sendt til kommunen elektronisk eller som brevpost.

Gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag

Abonenten har rett til reduksjon i gebyr ved feil eller mangel ved vassforsyninga i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag. Abonenten har rett til redusert gebyr dersom ikkje-varsla avbrot i vassforsyninga varar i meir enn 24 timar. Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen skuldast forhold hjå kommunen, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Krav om redusert gebyr må fremmast innan to månader etter at forholdet oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon.

Gebyrsatsar (alle satsar er inklusiv meirverdiavgift):

Årleg abonnementsgebyr (kr/år)	Eining/tall	Vatn	Vatn	Avløp	Avløp
		2019	2020	2019	2020
<i>Bustadeigedom</i>	<i>Per bueining</i>		1.304		1.489
<i>Fritidsbustad</i>	<i>Per bueining</i>		2.608		2.978
<i>Nærings-, kombinasjons- og landbrukseigedom:</i>					
<i>Kategori 1 (0-300 m³)</i>	1		1.304		1.489
<i>Kategori 2 (301-2.000 m³)</i>	3		3.911		4.466
<i>Kategori 3 (2.001-10.000 m³)</i>	6		7.822		8.932
<i>Kategori 4 (10.001-50.000 m³)</i>	12		15.645		17.865

Forbruksgebyr (kr/m ³)	Vatn	Vatn	Avløp	Avløp
	2019	2020	2019	2020
<i>Alle abonnentar</i>		12,76		13,34

Tilknytingsgebyr (kr)	Vatn	Vatn	Avløp	Avløp
	2019	2020	2019	2020
<i>Sats per bueining/brukseining</i>		22.500		22.500

Vassmålarleige (kr/år)	Vatn	
	2019	2020
<i>Per måler</i>		200

Døme på gebyrutrekning**Stipulert forbruk - Bustadeigedom (180 m² BRA x 1,4 m³/m² = 252 m³):**

Vatn: 1.304 kr + (252 m³ x 12,76 kr/m³) = 4.520 kr
 Avløp: 1.489 kr + (252 m³ x 13,34 kr/m³) = 4.850 kr

Stipulert forbruk - Fritidsbustad (100 m² BRA x 1,4 m³/m² x 0,5 = 70 m³):

Vatn: 2.608 kr + (70 m³ x 12,76 kr/m³) = 3.501 kr
 Avløp: 2.978 kr + (70 m³ x 13,34 kr/m³) = 3.912 kr

Målt forbruk - Bustadeigedom (120 m³):

Vatn: 1.304 kr + (120 m³ x 12,76 kr/m³) + 200 = 3.035,2 kr
 Avløp: 1.489 kr + (120 m³ x 13,34 kr/m³) = 3.090 kr

Målt forbruk - Næringsseigedom (2.500 m³):

Vatn: (1.304 kr x 3) + (2.500 m³ x 12,76 kr/m³) + 200 = 36.012 kr
 Avløp: (1.489 kr x 3) + (2.500 m³ x 13,34 kr/m³) = 37.817 kr